



Planomtale

Detaljplan Reistad småbåthamn gbr. 193/1

Vestnes kommune

Planid 1535-0154

Framlegg til  
planomtale  
30.06.2021



## Innheld

1. Samandrag .....	4
2. Dagens situasjon.....	4
3. Bakgrunn/mål med planarbeidet .....	5
4. Planprosess og medverknad.....	7
5. Planstatus og rammer for planområdet .....	9
6. Planområdet, eksisterende situasjon.....	13
7. Omtale av planen.....	19
8. Verknad/konsekvensar av planframlegget.....	33
9. Avvegning av verknadar.....	37
10. Avsluttande kommentar.....	38
11. Plankart .....	39



Kontaktinformasjon:

Adresse: Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta

E-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no)

Tel.: 70 04 52 20

Heimeside: [www.oseing.no](http://www.oseing.no)

Lokalisering	Reistaddalen, Vågstranda, Vestnes kommune
Adresse	
Gards- og bruksnr.	193/1 og 35
Planid	1535-0154
Areal på planområdet	Om lag 6 daa
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)plan)	Nærings, friområde, naust, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Forslagsstillar	David Reistad
Grunneigar	Privat
Plankonsulent	OSE AS v/ Bjarte Friisvold
Sidekontroll	Kenneth Myrholt
Planen sine formål	Småbåthamn, ferdsel i sjø, tilkomstveg, vegetasjonsskjerm
Aktuelle problemstillingar	Sekundærverknad fjellskred, utfylling i sjø
Er det varsle motsegn? (j/n)	N
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	N
Informasjonsmøte halde (j/n)	N

## 1. Samandrag

Leggje til rette for vidare utvikling av reiselivsbedrift med sikrare småbåthamn og tilkomst til småbåthamn.

## 2. Dagens situasjon



Bilete 1 Dagens situasjons ved planområdet, biletet teke vinteren 2020.



### 3. Bakgrunn/mål med planarbeidet

#### 3.1 Lokalisering

Planområdet ligg ved sjøen i Reistaddalen, Vågstranda, overført til Vestnes kommune ved årskiftet 2020/2021.

#### 3.2 Mål med planen

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Småbåthamn
- Veg til småbåthamn
- Molo

#### 3.3 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarskap

David Reistad er forslagsstillar og OSE AS utfører planarbeidet. Eigarar innanfor planområdet er Heidrun Kretzer og David Reistad.

#### 3.4 Tidlegare vedtak i saken

Det er ikkje vedtak knytt til plansaka.

#### 3.5 Utbyggingsavtalar

Ikkje relevant med utbyggingsavtale.

#### 3.6 Plantype og kartgrunnlag

Planarbeidet blir gjennomført som detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Kartgrunnlag vart motteke 07.01.2021.

### 3.7 Plandata

Namn på

*Bilete 2 Vestre del av planområdet sett mot sør*  
reguleringsplanen er Reistad småbåthamn gbr. 193/1. Planen består av:

- Plankart i målestokk 1:1000, målestokkrett i A3
- Planomtale med ROS omtale
- Sjekkliste ROS
- Føresegner
- Merknadsvurdering etter oppstart av planarbeid
- Rapport grunnundersøking datert 04.03.2020
- Notat flaumvurdering Reistadelva\_Rauma kommune 2020
- Saksutgreiing offentleg ettersyn (kommunen som utarbeidar)



## 4. Planprosess og medverknad

### 4.1 Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart sendt ut med brev av 19.11.2020 til heimelshavarar og naboar til planområdet. Oppstart av planarbeid vart annonsert i Åndalsnes Avis 21.11.2020 og lagt ut på kommunen og OSE AS sine heimesider.

Frist for å kome med merknad vart sett til 21.12.2020.

### 4.2 Innkomne merknadar

Det kom inn 8 merknadar. I vedlegg merknadsvurdering, datert 19.01.2021, er det utarbeidd oppsummering av innkomne merknadar med vurdering og originale merknadar i eige vedlegg.



Figur. 1 Annonse i Åndalsnes Avis 21.11.2020.

### 4.3 Saksgong

Skissering av normal saksgong ved regulering:

- Varsel om oppstart – frist for merknad 4 veker
- Vurdering av fråsegner, utarbeiding av framlegg til reguleringsplan; plankart, føresegner, planomtale og ROS
- Politisk handsaming for offentleg ettersyn
- Offentleg ettersyn av plandokumenta minimum seks veker
- Gjennomgang og vurdering av innkomne merknadar
- 2. gongs offentleg ettersyn av plandokumenta
- Politisk handsaming for vedtak
- Vedtak av planen i kommunestyret
- Utsending av vedtak
- Klagefrist 3 veker etter mottak av vedtak

### 4.4 Framdrift

Vidare framdrift i saksgongen, meir usikkert til lengre fram i tid:

- Offentleg ettersyn av plandokumenta i minimum 6 veker – vinter 2021
- 2. gongs offentleg ettersyn sommar 2021
- Kunngjering av vedtak om godkjenning av kommunestyret sommar 2021
- Klagefrist sommar/haust 2021

### 4.5 Eigedomar innanfor planområdet

Etter matrikkellova skal ikkje kopling mellom namn, adresse og gnr./bnr. bli offentleggjort.

Heile eller delar av eigedomar som blir råka av planarbeidet:  
gnr./bnr. 193/1, 17 og 39.

#### 4.6 Medverknad

Etter innkomne fråsegner til oppstart av planarbeid er det vurdert at det ikkje er behov for medverknadsmøte før plandokumenta blir lagt ut til offentleg ettersyn. Del av planområdet som det har kome merknadar mot frå naboar, er teke ut av planen.

Det vart gjennomført synfaring med Statsforvaltaren 07.06.2021 for å kome motsegn i møte.



Bilete 3 Opparbeidd veg innanfor planområdet.



Planområdet har formål næring, bustad, næring og friområde.  
Planen vart vedteken 01.08.95.

#### Interkommunal plan for Romsdalsfjorden (Sjøplanen)


Sjøområda for planområdet ligg innanfor Sjøplanen, med formål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.  
Planen vart vedteken 05.09.2017.



Figur. 3 Utsnitt av Sjøplanen, sjøområda innanfor planområdet har formål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Blå sirkel indikerer planområdet. Kjelde Kommunekart.

#### 5.4 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er ikkje regulert før.



Figur. 4 Oversikt over reguleringsplanar ved planområdet. Planområdet er indikert med blå sirkel. Kjelde Romsdalkart

#### 5.5 Tilgrensande planar

Det er ikkje reguleringsplanar i nærområdet. Det er starta opp regulering om lag 150 m aust for planområdet, regulering ved SalMar Genetics AS. Det vil ikkje vere konflikt mellom desse planane.

#### 5.6 Dispensasjon

Det er ikkje gjeve dispensasjonar som kjem i konflikt med planarbeidet.

## 5.7 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Det er ønskeleg å formalisere og utvikle eksisterande småbåthamn.

Ønska arealformål er ikke i samsvar med Sjøplanen, men det vert lagt opp til formalisering av eksisterende småbåthamn og tilrettelegging for sikring av denne med molo.

På grunn av mindre tiltak, formalisering av dagens bruk og liten utstrekning av planområdet, vert det vurdert at det ikke er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Eigenskapar for planen/tiltaket:

a) Storlek, planområde og utforming

Planområdet femnar om skogsareal og areal til småbåthamn.

Planområdet utgjer eit kompakt område med hovudsakleg ein tydig plangrense (eigedomsgrenser). I sjø er fysiske tiltak avgrensa til innanfor -10 m kote.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert ikke lagt opp til bruk av naturressursar.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Det blir ikke lagt opp til avfallsproduksjon eller forureinande utslepp. Det blir ikke lagt til rette for slipp/oppdrag av båtar på land innanfor planområdet.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikke auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikke medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø.

b. Planen vil ikke medføre tiltak som vil skade truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne eller viktige mineralressursar.

I sjøen er det registrert naturtype større tareskogførekommst, med status viktig, som kan blir påverka.

Vest for planområdet er det registrert SEFRAK-bygning, bygd etter 1850-talet.

c. Planen/tiltak kjem delvis i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona.

Det vert lagt opp til betre tilrettelegging og utviding av eksisterande småbåthamn i strandsona.

- d. Det vert ikkje lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka.
- e. Det blir ikkje lagt opp til særleg auka miljøbelastning, krav om avbøtande tiltak.
- f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.
- g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
- h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er liten. Det er utarbeidd rapport om grunnforholda i området. Det må truleg gjerast avbøtande tiltak mot flaum (stormflo) og flodbølgje frå fjellskred Opstadhornet.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn etter avbøtande tiltak, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan Reistad småbåthamn ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.



Figur. 5 Planområdet midt i biletet, sett frå aust.

## 6. Planområdet, eksisterande situasjon

### 6.1 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Planområdet er i hovudsak teke i bruk til ønska formål småbåthamn. Det er lagt ut flytebrygger for fritidsbåtar, og det er lagt ut bølgjebrytar/-dempar utanfor flytebryggje for sikre flytebryggje anlegget. På landsida er det bygd veg mot aust og det er bygd ein mindre vor ved nausta.

Mot nordvest ligg bygningane til Romsdalfjord Logde, som nyttar fritidsbåtane i si verksemd. Mot sør er det skogkledd skråning før det blir dyrka mark. Mot nord og aust ligg Romsdalsfjorden.

### 6.2 Staden sin karakter

Området kring planområdet blir oppfatta som ein mindre tettstad ved fjorden, med bustadar, næringsverksemder og naust. Det er ulike strukturar og byggjestilar i området. Innafor planområdet er det ikkje bygningar, men skog, sjø og flytebrygger.

### 6.3 Landskap

Planområdet ligg nede ved fjorden, under ei terrasse som er relativt flat. Området stig mot sør med bratt skråning frå sjøen før det flatar ut vidare oppover på dyrka marka. Planområdet strekk seg frå om lag kote -10 i nord til kote 10 m i sør. Det er gode solforhold i området, med klima som lokalt blir påverka av sjøen. Det er ikkje lokalklima i området.



Figur. 6 Flyfoto frå 1971 som syner korleis området såg ut for 50 år sidan. Kjelde Norge i bilder.

### 6.4 Historisk biletet

Flyfoto frå 1971 syner korleis området såg ut for om lag 50 år sidan.

### 6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Etter sjekk i Askeladden er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor eller ved planområdet. Det er registrert nyare tids kulturminne – [SEFRAK](#)-bygning vest for planområdet på gnr./bnr. 193/39.

## 6.6 Naturverdiar

Etter sjekk i Artsdatabanken er det ikke registrert raudlista/trugar artar innanfor planområdet. Vest for planområdet er det registrert fleire artar som er raudlista, klassifisert som sterkt truga, sårbare eller nær truga. Dette gjeld artane ærfugl, fiskemåse, gulsporv, teist, bergirisk, stare, alke, sandsvale, vipe, taksvale, makrellterne, havelle, hettemåse og storspove. Ikke alle artane har habitat innanfor planområdet. Etter sjekk i Naturbase er det ikke registrert verneområde, heilskapleg



Figur. 7 Oversikt over registrert naturtype i og ved planområdet, synt med blå avgrensning. Grøn skravur syner større tareskogsførekomst. Kjelde GisLink.


kulturlandskap, statleg sikra friluftsområde, viktig naturtype eller utvalde naturtypar innanfor eller like ved planområdet. Det er registrert naturtype større tareskogsførekomst i sjøen innanfor og ved planområdet, med verdi viktig. Grunngjeving for verdsettinga er at førekomensten er i storleiken 10 000 – 100 000 m<sup>2</sup> og i beskytta kyst/fjordområde.

## 6.7 Rekreasjonsverdi/ bruk

Delar av planområdet har vore nytta til fritidsfiske, aust for naust er det ikke registrert at landarealet blir nytta til fritidsbruk.

## 6.8 Landbruk

Oversikt over dyrka og dyrkbar jord fra Gårdskart syner at det ikke er dyrka eller dyrkbar jord innanfor planområdet.



Figur. 8 Oversikt over dyrka (oransje farge) og dyrkbar jord (raud farge) ved planområdet. Kjelde Gårdskart.

## 6.9 Trafikkforhold

Bruken av Romsdalfjord Logde er sesongavhengig, med sesong frå til vår til utpå hausten. I sesongen er det om lag 30 personar som held til ved planområdet samstundes og nyttar båtar til fritidsfiske, dette er maksimalt tal personar som kan bu ved logden, og vil vere dimensjonerande for småbåthamna. Dei som nyttar fasilitetane har det som trengs i det daglege ved Romsdalfjord Logde, og det er gåavstand til butikk. Gjestar blir henta ved Molde flyhamn, dei har ikkje med eigen bilar. Trafikk til/frå Romsdalfjord Logde er i storleiken 4 – 6 turar i døgnet, med 3 bilar i maksimaltiden på ettermiddag, som gjev ein stipulert ÅDT på om lag 23 køyretøy (13% av ÅDT – (3\*100%)/13%), med liten del lange køyretøy. Trafikkmengd på fylkesvegen er ÅDT 160 køyretøy, med 10 % lange køyretøy. ÅDT for E136 er 1850 køyretøy, med 23 % lange køyretøy.

### Ulykkessituasjon

Det er registrert to ulykker ved avkørysle til E136, i 1995 og 2010.

### Trafikktryggleik for myke trafikantar

Privat/kommunal/fylkesveg er smale, med lite trafikk, men med låg fartsgrense og låg fysisk hastigkeit på grunn av smal veg.

### Kollektivtilbod

Det er gå avstand til busstopp ved E136.

## 6.10 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje registrert bruk av området av barn og unge i vestleg del av planområdet/vest for planområdet.

## 6.11 Sosial infrastruktur

Tema (skule, barnehage, eldreinstitusjonar) er ikkje aktuelt for denne planen og blir ikkje omtala vidare.

## 6.12 Universell tilgjenge/Tilgjenge etter [TEK17](#)

Planområdet på land har høgdeforskjell på om lag 10 m, det vil verte utfordrande å leggje til rette for universell utforming av heile planområdet.

## 6.13 Teknisk infrastruktur

### Vatn og avløp

Det er bygd ut med tilstrekkeleg kapasitet for planområdet.


### Straum

Det er truleg tilstrekkeleg kapasitet for straum for planlagt tiltak.

## 6.14 Grunnforhold

### Stabilitetsforhold

Planområdet ligg under marin grense. Det er gjennomført grunnundersøkingar som syner at grunnforholda er tilfredsstillande, det er ikkje gjort funn av ustabile massar.




Figur. 9 Planområdet ligg under marin grense, innanfor aktsemdsområde for marin leire. Kjelde NVE Atlas.

Lausmasse i og ved planområdet er elveavsetning og breelvavsetning.

### 6.15 Bekk/elv

Reistadelva ligg om lag 150 m fra planområdet. Det er gjennomført flaumvurdering av Reistadelva, sone for 200 år flaum vil ikke gå utover elveløpet.

Figur. 10 Lausmasse i og ved planområdet er elveavsetning (gul farge) og breelvavsetning (oransje farge). Planområdet er markert med blå sirkel. Kjelde NGU



### 6.16 Stormflo

Planområdet ligg ved Romsdalsfjorden og vil vere utsatt for stormflo – heving av sjøoverflata av vérsystem med lågtrykk kombinert med pålandsvind som skjett vatn i bølje mot kysten. Fram mot år 2090 er det venta at havnivåstigninga for Vågstranda er 73 cm. Høgste astronomiske tidevatn er kote 1,25 m (NN2000)



Figur. 12 Figur som syner havnivåstigning med 200-års stormflo. Planområdet indikert med blå sirkel. Kjelde Kartverket.

## 6.17 Skred

Opstahornet, fjellparti på Otrøya, om lag 24 km fra planområdet, er eit ustabilt fjellparti der massar kan nå sjø og medføre tsunami som kan nå planområdet. I oppskyllingsområdet for flodbølgjer frå scenario B, vil det vere restriksjonar på bygging av tiltak i tryggleiksklasse S3.

Det ligg aktsemdsområde for skred aust for planområdet.



Figur. 11 Figur som syner oppskyllingshøgde tsunami frå Opstahornet (grøn linje) med 1/5000 årleg sannsyn og aktsemdsområde for skred (raud markering). Kjelde NVE Atlas

## 6.18 Klimaprofil

Klimaprofilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Møre og Romsdal. Konklusjon frå klimaprofilen som gjeld planområdet er:  
Sannsynleg auke:

- Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst. Dette vil føre til meir overvatn.

- Det er venta fleire og større regnflaumar

Mogleg sannsynleg auke:

- Kortare sesong for islegging og tidlegare isgang. Isgangar vil kunne skje lenger oppe i vassdrag enn i dag

Sannsynleg uendra eller mindre:

- Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret

## 6.19 Forureining

Det er ikkje registrert forureining som støy, luftforureining eller forureining i grunnen for området.

## 6.20 Privatrettslege bindingar

Det er ikkje kjent at det er privatrettslege bindingar som vil påverke planarbeidet. Utbyggar har råderett over areal innanfor planområdet og har tilkomst frå vest til veg.

## 6.21 Næring

Det har vore næringsdrift i området i lenger tid, med dampskipsekspedisjon frå kai rett vest for planområdet, butikkar og systue.



Bilete 4 SEFRAK-registrert hus som ligg vest for planområdet.

## 6.22 Analyser/ utgreiingar

Grunnundersøking

Det er gjennomført grunnundersøking for å sjekke ut grunnforholda i sjø og på land ved planområdet.

Flaumvurdering

Det er gjennomført flaumvurdering av Reistadelva.

## 7. Omtale av planen

### 7.1 Planlagt arealbruk

Det er ønskeleg å leggje til rette for oppgradering av småbåthamn med molo som sikrar mot bølgjer, med tilkomstveg (turveg).

### 7.2 Plangrense

Etter varsel om oppstart er plangrensa redusert, varsle planområdet i sørvest til bustad/fritidsbustad er teke ut av planen, og ein går vidare berre med småbåthamna. Etter offentleg



Figur. 13 Plangrense er redusert med at sørleg del er teke vekk, varsle plangrense er synt med grøn stipla line, plangrense til offentleg ettersyn er synt med blå/grøn stipla line. Plangrense til 2 gongs offentleg ettersyn er syn med svart stipla line..

ettersyn har plangrensa vorte endra på nytt for å kunne stette motsegn frå Statsforvaltaren. Plangrensa er utvida mot nordvest for å sikre nytt landfeste av molo.

### 7.3 Prefiks feltnamn/regulert eigarskap

Prefiks til feltnamn i plankartet gjev informasjon om regulering av eideomstilhøva for respektivt areal. Prefiks f syner at arealet skal vere felles, prefiks o syner at arealet skal vere offentleg. For feltnamn utan prefiks gjev ikkje planen føringar for eigarskap til arealet. Planen gjev ikkje føringar for eideomstilhøva.

### 7.4 Oversikt reguleringsformål

#### Arealoversikt

Tabell 1 Arealoversikt av formål i plankartet.

formålskode	formål omtale	feltnamn	eigarform	areal m <sup>2</sup>
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	SVT_1	annan eigar	291,4
2018	Annan veggrunn - tekniske anlegg	SVT_2	annan eigar	249,1
				540,5
3031	Turveg	GT	annan eigar	715,0
3060	Vegetasjonsskjerm	GV	annan eigar	592,6
				592,6
6100	Ferdsel	VFE	annan eigar	1 579,2
6230	Småbåthamn	VS_1	annan eigar	414,4
6230	Småbåthamn	VS_2	annan eigar	2 613,8
				3 028,1
Sum areal				6 455,4

Omtale av reguleringsformåla og omtale av løysingane

Figur. 14 Plankart med flyfoto under.





Figur 14b Plankart som var ute til offentleg ettersyn våre 2021.

#### Annan veggrunn – SVK

Langs regulert turveg blir det regulert inn annan veggrunn med 3 m breidde. I formålet annan veggrunn inngår skjerings-

og fyllingsskråningar, grøntområde, grøfter, murer, stabiliseringe tiltak og liknande. Det kan etablerast permanente terregn endringar og nødvendige konstruksjonar innanfor formålet.

Teknisk infrastruktur kan leggjast i formålet. På begge sider av turvegen må det truleg førast opp forstøtningsmurar for å ta opp høgforskellar.

#### Turveg – GT

Det blir regulert turveg frå kommunal veg i vest og inn i planområdet for å gje tilgang til strandsona. I føresegne blir det for regulert turveg opna for motorisert ferdsel, knytt til opparbeiding, drift og vedlikehald av småbåthamna og bruk og vedlikehald av naust. Breidde på turvegen er regulert til 5 m breidde, med om lag 4 m breidde i vestre del mellom husa. Det må gjerast tiltak for å sikre tilfredsstillande passasje mellom hus i anleggsperioden, truleg må støttemur ha motvekt for at vegen ikkje rasar ut. Eksisterande veg som er opparbeidd bør senkast litt aust for eksisterande bygningar og trekkjast mot nord for å få

better stigningstilhøve mellom vegen og naust/mur.

Vegen er lagt til rette for at lastebilar skal ha nok manøvreringsareal til å rygge langs turvegen for utbygging av småbåthamna og drift av småbåthamna.

#### Vegetasjonsskjerm – GV

Det blir regulert til vegetasjonsskjerm i sørleg del av planområdet. Stadeigen vegetasjon skal i størst mogleg grad bestå. Det vert opna for skjøtsel og vedlikehald.

#### Ferdsel – VFE

Areal utanfor småbåthamn er regulert til ferdsel i sjø. Innanfor arealet blir det ikkje opna for varige tiltak som han hindre ferdsel, bortsett frå fyllingsfot til molo. Det kan leggjast forankring innanfor formålet, men det er krav om at desse skal vere minst 2 m under sjøoverflata innafor formålet for å ikkje

hindre ferdsel. Innanfor formålet kan det leggjast flytebrygger langs med molo (VS\_1).

#### Småbåthamn – VS

Det vert i føresegnene sett krav til dokumentasjon av byggjesøknad for formåla VS\_1 og 2. Søknad skal innehalde teikningar/utgreiing blant anna om utforming:

Molo - kotesett topp, fyllingsfot, brystning, oppbygging og djupne, plassering av flytebrygge, tilkomst og dimensjonering

Småbåthamn – utforming, innfesting, fortøyinger, plassering, tilkomst, dimensjonering og mudring

Flytebrygge – utforming, innfesting, fortøyinger, plassering, tilkomst og dimensjonering

#### VS\_1 – molo

Innanfor VS\_1 blir det regulert inn molo, med maksimal breidde 5 m over sjø. Maksimal høgde på molo vert sett til kote 2,50 m (NN2000). Det er i plankartet lagt inn maksimal fyllingsfot, synt med stipla line, som skal verer retningsgjevande.

#### VS\_2 – småbåthamn

Formålet skal nyttast til småbåthamn, der det kan leggjast ut flytebryggjer og båtar på svai med landtau. Det er opna for det kan mudrast ned til kote -3,3 m (NN2000) innanfor formålet, for å sikre tilstrekkeleg djupne for småbåthamna ved minste lågvatn.

Dette vil sikre at det er om lag 2 m djupne ved lågaste astronomiske tidevatn. Forankring av flytebryggjer m.m. kan leggjast inn i VFE dersom dei blir liggande minst 2 m under sjøoverflata.



Bilete 5 Eksisterande veg innanfor planområdet. Foto David Reistad.

## VS\_2 – flytebryggje

Formålet kan nyttast til flytebryggje. Bruken av formålet skal ikkje hindre tilflott til naust sør for formålet. Forankring kan leggjast inn i VFE dersom dei blir liggande minst 2 m under sjøoverflata. Tilflott til naust sør for planområdet skal vere open til ei kvar tid.

## Omsynssone - faresone

### Flaum – Stormflo og havnivåstigning - (H\_320)

Gjeld faresone for stormflo og havnivåstigning, som vil vere dimensjonerande for faresone. Etter TEK17 § 7-3 blir tiltaket plassert i tryggleikssone F1, byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personar og med små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Høgde for tryggleiksklasse 1 med klimapåslag er kote 240 cm (NN2000). Omsynssona femnar om areal som ligg under kote 2,40 m. Tiltak innanfor omsynssona må dimensjonerast for å tolle konsekvensar av stormflo og havnivåstigning. Basert på erfaring frå grunneigar og brukarar av området vert bølgjehøgde stipulert til å vere om lag 1 m. Tiltak opptil kote 3,40 m må dimensjonerast for bølgjer.

Planområdet ligg i potensielt område for sekundærverknad av fjellskred frå Opstadhornet. ROS-analysen syner til tre scenario. Scenario B med skredfare på mellom 1/1000 og 1/5000 vil ikkje nå planområdet, jamfør tilbakemelding frå Statsforvaltaren. Dei andre to scenarioa har lågare sannsyn enn 1/5000, og set difor berre restriksjonar for tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd (til dømes bygg med nasjonal eller regional betydning for beredskap

og krisehandtering eller verksemder omfatta av storulukkeforskrifta. Med dette som bakgrunn vil ikkje sekundærverknad av skred frå Opstadhornet vere dimensjonerande for faresona.

## Byggjegrense

Rundt ny molo er det lagt inn byggjegrense som syner maksimal utbreiing av fyllingsfoten. Synt grense for fyllingsfot er retningsgivande.

## 7.5 Utvikling av planområdet

Utbygging etter planen vil starte med opparbeiding av tilkomst (GT) med forstøtningsmur på øvreside av vegen (SVT\_2). Vidare med opparbeiding av molo (VS\_1), parallelt med mudring (VS\_2) og forstøtningsmur mot sjø (SVT\_2), for å nytte massen til molo. Molo må prosjekterast, og mot nord må det nyttast stein med storleik som vil tolle klima påkjenning (bølgjer), med klimapåslag.

## 7.6 Plassering av bygningar og utforming

### Høgde tiltak

Det blir opna for at molo kan byggjast med maksimal høgde 2,5 m, med inntil kote 3 m ved landfeste (NN2000), og jamt fall dei 10 m første metrane. På topp molo kan det leggjast brystning mot nord for å sikre mot bølgjer.

## 7.7 Fundamentering på land

Rapport Geoteknisk grunnundersøkelser Molo Vågstranda gjev råd til fundamentering av tørrsteinmur på land og vil vere retningsgjevande for tiltaket, utdrag av denne i kursiv:


*Med aktuelle grunnforhold ligg det godt til rette for direkte fundamentering av mur på kote om lag +1, i dei middels faste massane som ligg under organisk/humusholdige massar.*

- *Murfronten si helling skal vere 3:1.*
- *Murens fundament skal ha overdeking D på 0,5 m.*
- *Terrenget bak muren må ikkje belastast med ekstra vekt, eller at muren må prosjekterast for å tolle dette.*

*Situasjonen/djupne til middels faste massar må evaluerast /kontrollerast på staden under anleggsfasen av kvalifisert personell.*


Generelt for murar gjeld:

- *Ved telefarlege massar i frostsonen må det enten frostisoleraast eller gjennomførast masseutskifting*
- *Ved masseutskifting og tilbakefylling må det nyttast drenerende fyllmassar*
- *Massar som nyttast bak tørrsteinmur må vere sprengingstein/pukk eller velgradert grus*
- *Det kan eventuelt leggjast drensrøyr i foten bak muren med frostfritt utløp*
- *Fylling bak muren skal ikkje gje punktbelastning mot muren*
- *Muren byggjast utan svankar eller kular*



Figur. 15 Skjematisk teikning av tørrsteinmur. Kjelde Rapport Geoteknisk grunnundersøkelser

- *Murende og topp mur skal ha jamne overgangar mot terrenget*



Figur. 16 Prinsippskisse av molo.

*Det er nødvendig å forbetre eksisterande steinplastring ved foten av muren for å hindre erosjon/utvasking av grunnen under muren.*

*Skjeringsskråningar i lausmasse i anleggsfase:  
For kortvarige situasjonar kan ein akseptere brattare graveskråningar enn 1:1,5. Dersom man ser at graveskråningar byrjar å bli ustabile eller byrjar å gli ut, må arbeidet stoggast og stadlege massar må raskt fyllast tilbake i skråninga/gravegropa og geoteknikar må kontaktast.*

## 7.8 Fundamentering molo sjø

Rapport Geoteknisk grunnundersøkelser Molo Vågstranda gjev råd til fundamentering av molo i sjø og vil vere retningsgjevande, utdrag av denne i kursiv:

*På grunn av generelt stort innslag av lause massar langs området kan ein i prinsippet forvente setningar og ei viss usikkerheit med omsyn til stabilitet, avhengig av avstanden til marbakken.*

*Før byggjestart blir det tilrådd å kartlegge sjøbotnen. Det må verifiserast at moloen ligg på flat og stabil botn og ikkje på kanten av marbakken.*

*Det vil sannsynlegvis vere mogleg å leggje ut Stein direkte på sjøbotnen, men det må i så fall utarbeidast detaljert plan for korleis dette kan gjerast på ein trygg måte, med fylling i fleire*

*«etasjar», systematisk flytting av tippstad, og ventetid mellom laga. Slik plan må utarbeidast av, eller godkjennast av geoteknikar.*

Sidan det vert opna for mudring for småbåthamna, VS\_2, må det vurderast kor nære mur det kan mudrast saman med kva kote botnen av muren skal liggje på. Det vil vere ønskeleg å leggje muren innanfor SVT\_2 lågare enn kote 1 m, for å kunne mudre for å få tilstrekkeleg areal til småbåthamna og manøvrering.

*Sannsynlegvis vil setningane i sedimenta under sjøbotnen gå raskt, men dette kan dokumenterast med setningsmålingar, det blir forventa nokre centimeter setning.*

*Større tryggleik kan ein oppnå dersom det først blir utført mudring/fortrenging med sprengstein til sandlaget som ligg under mogleg organisk masse. For å redusere skadelege verknadar av setningar blir det rådd til å la steinane liggje så lenge som mogleg før det blir ført opp bygninga på moloen. Det blir tilrådd å bygge moloen i fleire «etasjar» med ventetid minst 2 veker mellom.*

*Situasjonen/djupne til sandlaget må evaluerast/kontrollerast på staden under anleggsfasen av kvalifisert personell.*

Rapport Geoteknisk grunnundersøkelser Molo Vågstranda, datert 2020.03.04 skal vere del av plandokument og får gjennom tilvisning i føresegnehene juridisk verknad.

Det blir i føresegnene sett krav om geoteknisk prosjektering og ansvarsrett (RIG) i byggjesaka for tiltak i grunnen/utbygging av molo.

## 7.9 Mudring

Planen opnar for at areal innanfor småbåthamna (VS\_2) kan mudrast til kote -3,3 m, som vil vere om lag 2 m under lågaste astronomiske tidevatn (NN2000). Dette vil opne for at sjøbotnen kan senkast slik at ein er sikker på at småbåtanlegget vil ha ei minste djupne sjølv ved låg fjøre.

I samband med byggjesøknad må det utarbeidast plan for korleis ei eventuell mudring skal gjennomførast, med snitt av før og etter mudring, grov masseoversikt og bruk av massar. Murdring bør

leggjast til årstid som gjev minst konflikt for sjølevande organismar.

## 7.10 Bumiljø/ bukvalitet


Tiltaket vil ha små konsekvensar for bumiljø-/kvalitet. Molo kan nyttast som fiskeplass, også for rørslehemma, då det blir slak helling frå offentleg veg til molo.

## 7.11 Uteoppholdsareal

Ikkje aktuelt for dette tiltaket.

## 7.12 Universell utforming/tilgjenge etter TEK17

Det vert lagt opp til at molo skal ha same høgd som landfeste for å leggje til rette for tilkøyring av masse for utfylling av molo og



Figur. 17 Snitt gjennom planområdet A -A', med kotehøgde for høgde for tryggleiksklasse 1 og maksimal mudring av småbåthamn

leggje til rette for enklast mogleg tilkomst for drift og vedlikehald av anlegget. Dette vil gje tilnærma universell utforming av veg til molo, og molo vil truleg ha svak helling dei første metrane, men vil gå over i lik høgde for største delen av molo vidare. Det blir ikkje sett krav om dekke som stettar universell utforming, sidan stigningskrava ikkje blir stetta.

### 7.13 Barn og unge

Barn og unge kan bruke området til leik og rekreasjon, bading og fiske. Det blir ikkje gjort tiltak som vil redusere verdien for barn og unge.

### 7.14 Estetikk

Det blir nødvendig med murar for å ta opp høgde forskjellar, både mot terrenget i sør og mellom sjø og land. Murar bør gjennomførast som tørrsteinmur for å få mest mogleg likt uttrykk med moloen. Frå sjøen vil moloen delvis skjerme mot innsyn på land, og synlege delar av molo frå nord vil skape liten landskapsverknad på grunn av terrenget bak.

### 7.15 Folkehelse

Tiltaket vil gje tryggare bruk av fritidsbåtar med betre tilkomst til båtar innanfor bølgjevern (molo). Tiltaket vil gje moglegheit for fiske frå land.

## 7.16 Teknisk infrastruktur

### Vatn

Det vert lagt opp til å føre fram vatn til molo (VS\_2), for vask av reiskap og utstyr. Det er opparbeidd ein «sløyestasjon» vest for planområdet.

### El.

Det vert lagt opp til å føre fram straum til molo og VS\_2 for drift og vedlikehald av området.

### Brannvatn

Det vil vere tilgjengeleg brannvatn frå busetnad vest for planområdet.

### Avfallshenting

Avfall frå tiltaksområdet blir handtert via dagens løysingar for Romsdalfjord Logde.

## 7.17 Trafikkløysing

### Tilkomst

Tilkomst til planområdet blir via kommunal veg Reistaddalen, til fylkesveg Vågstrandvegen.

### Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve

Regulert veg innanfor planområdet blir ikkje regulert med krav til eigarforhold, dette må avklarast mellom brukarar av småbåthamna og grunneigar i eigen avtale.

## Trafikk endring

Planen legg ikkje opp til noko særleg auke i tal båtar som kan nyttast i høve dagens bruk. Det er i dag avgrensingar kor mange som kan bu ved Romsdalfjord Logde, dette vil ikkje bli endra av planen. Kor mange som vil bu ved Romsdalfjord Logde vil ver dimensjonerande for kor mange båtar det er behov for. Det vil difor ikkje vere noko særleg auke i trafikk til området med bil. Det vert difor ikkje lagt opp til tiltak for endre tilkomst til planområdet.

## Utforming av turveg

Vestleg del av tilkomsten er smal og er avgrensa av bygningars på begge sider og lenger aust av naust på nordsida av vegen. For denne strekninga vil tilkomstvegen vere om lag 4 m brei, men lenger aust vil den bli utvida til om lag 5 m, for å ha tilstrekkeleg manøvreringsareal for større køyretøy, spesielt i anleggfasa. I vest der vegen er smalast er vegstrekninga bortimot rett, og det er tilstrekkeleg areal vest for planområdet til å rette opp køyretøy før dei passerer den smale, korte strekninga med hus. Det er opna i føresagnene for motorisert ferdsel på regulert turveg.

## Stigningsforhold

Stigningsforhold for GT i vest- austleg retning vil vere liten, om lag slik som i dag, jamfør bilet 5 over.

## Beskrive avvik frå vegnormalen

Det blir regulert turveg som opnar for motorisert ferdsel til opparbeiding, drift og vedlikehald av småbåthamn og naust.

## Krav til samtidig opparbeiding

Det vert ikkje sett krav om samtidig opparbeiding av nokon tiltak.

## 7.18 Parkering

Areal til nødvendige biloppstillingsplassar er sikra i området vest for planområdet.

## 7.19 Kollektiviltbod

Det går rutebussar langs Vågstrandvegen, om lag 250 m frå planområdet.

## 7.20 Mjuk ferdsel

Bortsett frå i anleggsperioden vil planområdet vere tilgjengeleg for mjuk ferdsel. Når småbåthamna er opparbeidd vil det vere lite motorisert trafikk langs turvegen (GT).

## 7.21 Sosial infrastruktur

Tiltaket vil ikkje påverke sosial infrastruktur (barnehage, skule, eldreinstitusjonar).

## 7.22 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt offentleg anlegg innanfor planområdet, og ønska tiltak vil ikkje kome i konflikt med offentlege anlegg.

## 7.23 Eigedomsinngrep

Det vil bli gjort inngrep innanfor gnr./bnr. 193/1 og 39, begge grunneigarane er innforstått med inngrep på eigedomane.

## 7.24 Verneområde

Planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø/vassdrag. Det vert lagt opp til tiltak som ikkje vil vere særleg privatiserande, og det blir vidareføring av dagens bruk som småbåthamn og opparbeidd veg blir vidareført som turveg, som er opna for motorisert ferdsel. Nytt tiltak vil vere oppføring av molo.

Vern etter naturmangfaldlova

Planområdet eller nærområdet er ikkje verna etter naturmangfaldlova.

## 7.25 Miljøoppfølging

Utfylling i sjø må ta omsyn til eventuell påverknad på livet i sjøen. Det må gjerast tiltak for å redusere mest mogleg spreiing av finstoff i sjø, og det kan berre nyttast reine massar til utfylling i sjø. Tid på året må også vurderast.

## 7.26 Landbruk

Planen vil ikkje medføre konsekvensar for landbruk.

## 7.27 Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet vil ikkje kome i konflikt automatisk freda kulturminne, det vil bli lagt inn føresegn om at dersom ein kjem borti noko som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoggast og ein må ta kontakt med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen for avklaring.

Vest ved planområdet ligg [SEFRAK](#)-registrert bygg, bygning bygd før 1900. For dette bygget og andre tilstøytane bygg til

regulert turveg, må det takast omsyn for å hindre skade på bygningane.

## 7.28 Grunnforhold

Det er gjennomført grunnundersøking innanfor planområdet, både på land og i sjø. Dei ulike boreposisjonane er synt med punkta V1 – til V5, med liste over djupne i sjø.

Boreinformasjon:


Punkt	Terrenghøgde		Lausmasse
V1	4,3 m	land	10,2 m
V2	4,3 m	land	15,8 m
V3	-3,4	sjø	15,1 m
V4	-2,1	sjø	10,0 m
V5	-2,1	sjø	15,0 m

Landboring:

Organisk masse med mektigheit på om lag 1 – 3 m  
Faste til meget faste masser til botnen av sondering, antatt sandig og grusige massar.

Sjøboring

Mogleg organiske massar med mektigheit på om lag 0,5 – 1 m  
Blaute/laust lagra masser, med mektigheit på om lag 2 – 4 m.  
Antatt sandige massar  
Middels fasste til meget faste massar med lag med lågare boremotstand til bunnen av sondering, Antatt sandige massar.



*Figur. 18 Oversikt over borepunkt grunnboring, synt med røde sirkler og posisjons id.*

Det er ikkje registrert berg i dei undersjøiske posisjonane.

I posisjon V5 er det teke opp prøver frå 0 – 6 m djupne, med

Tabell 2 Prøver frå grunnboring. Kjelde Geoteknisk grunnundersøkelser Molo Vågstranda

Pos. /ID	Type [-]	Dybde [m]	Klassifisering	W [%]	TG [-]	GL [%]
V2	P	1,0-2,0	Grusig sandig torv. Taurester, søppel			7,3
V2	P	2,0-3,0	Humusholdig grusig sand			
V2	P	4,0-5,0	<b>Sand</b>	13,0	T2	
V2	P	5,0-6,0	Sand, med gruskorn			
V5	P	0,0-2,0	Sand, med gruskorn			
V5	P	2,0-4,0	<b>Sandig Grus</b>	12,1	T1	
V5	P	4,0-6,0	Sandiq Grus			

Jordartklassifisering basert på komgraderingsanalyser er markert med **fet skrift**. Andre prøver er bare visuelt klassifisert, P= Naverprøver (representativ), W= Vanninnhold, TG= Telegruppe, GL=Humusinnhold målt som glødetap.

masse frå toppen som sand med gruskorn og sandig sand.

## 7.29 Overflatevavn

Overflatevatn frå planområdet vil gå direkte til sjø.

## 7.30 Elv/bekk

Det ligg ikke bekke eller elv i eller ved planområdet. Reistadelva ligg om lag 150 vest for planområdet. Det er gjennomført flaumvurdering av Reistadelva, og det vert konkludert med at ved 200-års flaum vil ikke elva gå over sine breidder og skape konflikt med planområdet. Flaumvurderinga har vorte utført i samband med planarbeid for eksisterande akvakulturanlegg i nedste del av Reistadelva.

## 7.31 Forureining

Støy



Figur. 19 Kart som syner 200-årsflaum med klimapåslag, kotene syner vassflatehøgde i moh. For nedre del av Reistadelva. Kjelde Notat flaumvurdering Vågstranda.

Det er ikke støykjelder som vil skape utfordringar med bruken av planområdet. I anleggsfasen vil det vere støyande verksemد innanfor planområdet, dette vil vere tidsavgrensa og skje i relativt kort tidsrom. Ved drift av småbåthamna vil det vere sporadisk støy ved mindre vedlikehald og bruk av båtane. Dette vil truleg vere til liten sjenanse for kringliggende bustadar, som vil vere skjerma av bygningar.

#### Forureining i grunnen

Det er ikke registrert forureining i grunnen, og det er heller ikke historisk bruk av området som tilsei at det vil vere forureina grunn i området. Det vert ikke lagt opp til å ta opp båtar og

vedlikehalde dei ved planområdet. Dette blir gjort ved kringliggende småbåthamn.

#### Lys

Det vert lagt opp til lys på molo, som ikkje vil vere til sjenanse for omgjevnaden.

#### Luft

Det vert ikke lagt opp til bruk som vil gje forureining til luft.

### 7.32 ROS

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova, utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, er gjennomgått og kommentarar i den er lagt inn under med eventuelle avbøtande tiltak:

#### Flodbølgje – Sekundærverknad frå skred Opstadhornet.

Konsekvensar for skred frå Opstadhornet har tre scenario, A, B og C. Scenario A og C har nominell sannsyn mindre enn 1/5000, medan scenario B har årleg nominelt sannsyn mellom 1/1000 og 1/5000. Statsforvaltaren opplyser om at scenario B ikkje vil nå planområdet, sekundærverknad av skred frå Opstadhornet vil ikkje gje konsekvensar for planområdet.

#### Stormflo/havnivåstigning – Det vert sett krav om avbøtande tiltak for at tiltaket skal tote stormflo og havnivåstigning, tiltak under kote 2,40 m må dimensjonerast for å tote

stormflo og havnivåstigning. Tiltak under kote 3,40 m må dimensjonerast for bølgjer. Alle høgder i NN2000.

Klimaendring – Konsekvensar av havnivåstigning er små.

Sjekkliste ROS er vedlagt plandokumenta.

### 7.33 Lov om havne og farevann

Tiltak i sjø eller i nærleiken til sjø krev eige løyve etter havne- og farvannsloven § 14. Dette vil gjelde for alle tiltak i planen.

### 7.34 Rekkjefølgjeføresegn

Det vert ikkje lagt inn rekkjefølgjeføresegn i planen.

### 7.35 Gjennomføring etter plan

Det er usikkert når det blir starta opp gjennomføring etter planen.



Bilete 6 Utsyn frå austleg del av planområdet.

## 8. Verknad/konsekvensar av planframlegget

Omtale og vurdering av verknad og konsekvensar for gjennomføring av planen. Konsekvensar omtalast når planen avviker frå vedteken oversiktsplan, temoplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skal omtalast.

### 8.1 Overordna planar

Planen er ikkje i samsvar med KDP Vågstranda eller Sjøplanen, men vidarefører bruk av sjøareal til småbåthamn og nyttar alt opparbeidd veg i strandsona.

### 8.2 Landskap

Planen legg opp til mindre endringar i terrenget som vil gje liten landskapsverknad. Det blir tilrådd å ta opp høgdeforskjellar med tørrsteinmur som avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar frå sjø og ha lik utsjånad som molo. Molo vil ligge lågt i terrenget og silhuett vil vere skjult av terregn sør for molo.

### 8.3 Staden sin karakter

Området bli noko endra med ny molo som vil byggje om lag 2,5 m over sjø, men vil frå sjøsida bli delvis kamuflert av veg med forstøtningsmurar på land og høgare terregn i sør. Området er lite synleg omgjevnaden.

### 8.4 Bygdeform og estetikk

Det blir lagt opp til ei vidare utvikling av dagens småbåthamn, med tilrettelegging tryggare småbåthamn mot naturpåverknad

(bølgjer og vind). Det bør nyttast naturstein på land for å ta opp høgdeforskjellar i terregn, som vil vere med å skjule molo frå sjøsida.

### 8.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det ligg SEFRAK-bygning like ved planområdet, planområdet vil gje liten påverknad til verneverdien av bygninga.

### 8.6 Naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggjast til grunn som retningsline ved utøving av offentleg mynde ved forvaltning av fast eigedom.

### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er gjennomført sjekk av naturmiljø og naturmangfald i Naturbase og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert lokal informasjon utover registreringar Naturbase og Artsdatabanken om sårbare artar eller naturtypar i eller ved planområdet.

### § 9 Føre var prinsippet

Med bakgrunn i registreringar og lokal informasjon er det ikkje grunn til å tru at det er nokon truga naturtype eller truga artar innanfor eller like ved planområdet. Føre var prinsippet vert tillagt mindre vekt i denne saka og det vert ikkje sett krav om nye opplysningar/registreringar knytt til naturmangfald.

## § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Utbygging vil medføre nedbygging av areal som er biotop for ulike artar, fleire artar som er raudlista og område som er registrert som naturtype stortare.

### Raudlista artar

Området er i bruk til småbåthamn med flytebrygger i dag, der folk brukar området i sesongen frå april – september. Resten av sesongen er det lite aktivitet i området. Bruken av området vil i liten grad endre seg ved utbygging av molo og beskytta småbåthamn. Sidan området alt er teke i bruk som småbåthamn vil ei utbygging med molo medføre små negative konsekvensar for raudlista artar. For sjøfuglar kan molo medføre betre habitat innanfor molo med smulare vatn.

### Stortare



Del av planområdet ligg innanfor naturtype stortare. Det er gjennomført modellering av førekomensten, det er ikkje gjennomført observasjonar som stadfestar førekomensten. Den blir også omtalt som usikker i faktaark for lokaliteten. Ut i frå flyfoto kan ein sjå at det er lyse område som går utanfor planområdet, areal som ikkje har stortare. Når ein ser ned i sjøen frå flytebryggene som ligg utanfor planområdet ser ein ikkje stortare på sjøbotnen. Jamfør kartlegging av grunnen, syner rapport grunnboring at det mogleg organiske masser med mektigheit 0,5 m – 1 i sjø, slik at det lite sannsynleg at det vil vere feste for stortaren i dette området. Foto teke 25.01.2021 syner at det ikkje



Bilete 7 Bilete av sjøbotnen utanfor eksisterande flytebrygger nordvest for ny molo: Foto David Reistad.

er stortare under dagens flytebrygger som ligg utanfor område som det er planlagt molo på.

SalMar Genetics AS gjennomførte i 2015 undersøking av vassleidning i sjø, frå 4 m til om lag 30 m under overflata, det vart ikkje registrert stortare i dette området. Basert på gjennomført undersøking vest for planområdet og visuell sjekk av grunnforholda ved planområdet, er det ikkje registrert stortare i området.



Bilete 8 Film under sjø nord for SalMar Genetics AS sitt landanlegg. Kjelde SalMar Genetics AS

Utover dette er ein ikkje kjend med andre faktorar som vil ha negativ verknad på naturmiljøet i området. Samla belastning for økosystemet vil gje liten negativ verknad for sårbare eller truga artar/naturtypar som følgje av utbygging etter planen. Det blir sett avbøtande tiltak i føresegnene om at det skal gjerast tiltak for å redusere spreiing av finstoff i sjø for å redusere konsekvensar for liv i sjø, og tidspunkt for arbeid i strandsona/sjø bør også vurderast for å redusere negative konsekvensar for livet i sjøen.

#### § 11 Kostnadar ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Ved eventuell miljøforringing skal kostnadane berast av tiltakshavar.

#### § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Ved utbygging av planområdet vil det verte nytta miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

### 8.7 Forureining

Det blir ikkje lagt opp til å ta opp båtar for stell og vedlikehald innanfor planområdet. Dette blir gjort vest for planområdet i eksisterande småbåthamn. Det blir ikkje set krav til handtering av forureina avfall frå planområdet.

### 8.8 Rekreasjonsinteresser/ rekreasjonsbruk

Bruken av området til rekreasjonsbruk blir vidareført, med betre tilrettelegging for dette med trygg hamn for småbåtar, som gjer det lettare å kome inn og ut av båtar.

## 8.9 Naturfare

Planlagt tiltak vert vurdert å liggje i tryggleiksklasse F1, innanfor fareområde for stormflo og havnivåstigning. Det blir lagt til avbøtande tiltak for å hindre skade på tiltak som kjem under kote 2,40 m (NN2000), som gjeld høgde for tryggleiksklasse F1. Terrenget inntil kote 3,40 m må tolle bølgjer. Sekundærverknad av fjellskred frå Opstadhornet vil ikkje medføre konsekvensar for tiltak med tryggleiksklasse S1 eller S2.

## 8.10 Trafikkforhold

### Vegforhold

Det blir lagt opp til å justere dagens veg til planområdet for å leggje til rette for bruk i anleggsfasen, drift og vedlikehald, med auka breidde der det mogleg for å leggje til best mogleg tilkome til landsida av småbåthamna. Tilkomst sør for småbåthamna blir regulert som turveg, der det er opna for motorisert ferdsel for opparbeiding, drift og vedlikehald av småbåthamn og naust.

### Trafikkauke/reduksjon

Dagens flytebrygger skal fjernast og båtane skal i all hovudsak nyte småbåthamna innanfor moloen. Det blir ikkje lagt opp til auka bruk av småbåtar frå området i høve dagens bruk, berre sikrare og betre bruk innanfor ein molo. Trafikken til og frå området for motorisert ferdsel på land eller sjø blir ikkje endra i nemneverdig grad og vil ikkje gje konsekvensar dagens vegar/sjøområde.

### Kollektivtilbod

Liten endring som følgje av tiltak i planområdet.

### Avvik vegnormalen

Ikkje aktuelt å følgje vegnormalane for privat anleggs- og driftsveg til småbåthamna, som blir regulert som turveg, som er opna for motorisert ferdsel til drift og vedlikehald av småbåthamn og naust.

## 8.11 Mjuk ferdsel

Det blir liten endring for mjuk ferdsel, som det framleis vil vere gode moglegeheiter for, bortsett frå i anleggsperioden med trafikk av større maskiner.

## 8.12 Barn og unge sine interesser


Planen vil gje små konsekvensar for barn og unge, svakt positive med fleire moglegeheiter for bading og fiske frå land. Planen legg ikkje opp til nedbygging av leikeareal eller anna areal som er registrert nytta av barn og unge.

## 8.13 Sosial infrastruktur

Ikkje aktuelt.

## 8.14 Universell tilgjenge/tilgjenge etter TEK17

Med justering av høgde på dagens vegareal ved planområdet, og opning for å heve dei første 10 m av molo, kan det leggjast til rette for tilnærma universell utforming av tilkomst til molo frå offentleg veg.



## 8.15 Energibehov – energiforbruk

Det vert ikke lagt opp til stort energibehov for planområdet, dagens straumtilførsel i området vil vere tilstrekkeleg.

## 8.16 Jordressursar/landbruk

Utbygging innanfor planområdet vil ikke medføre nedbygging av jordbruksareal.

## 8.17 Teknisk infrastruktur

Det er tilstrekkeleg kapasitet på teknisk infrastruktur i området.

## 8.18 Oreigning

Etter vedtak av reguleringsplanen kan kommunestyret foreta oreigning til gjennomføring av reguleringsplanar som ikkje er eldre enn 10 år. Vilkår for oreigning er at inngrepet må tvillaust vere til meir gagn enn skade. Det vil ikkje vere aktuelt å oreigne innanfor denne planen, det blir ikkje regulert til offentleg areal og ei eventuell oreigning vil ikkje vere tvillaust meir til gang eller skade.

*Figur 20 Illustrasjon som syner mogleg plassering av båtar i småbåthamna.*

## 8.19 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen vil ikke medføre auka konsekvensar for kommunen.

## 8.20 Konsekvensar for næringsinteresser

Planen vil vere positiv for lokale næringsinteresser, der båtane vil ligge tryggare på sjøen og ha lettare tilkome til desse i smulare sjø innanfor molo.

## 8.21 Interessemotsetningar

Det er ikke registrert interesse motsetningar mot å opparbeiding av molo for småbåthamn.

## 9. Avveging av verknadar

Området er nytta til ønska formål, det blir lagt opp til å legge betre til for bruken med å bygge molo for å skjerme mot vêr og vind. Ønska tilrettelegging vert vurdert å gje små negative


konsekvensar, hovudsakleg på grunn av området alt er teke i bruk og det er gjort inngrep på land.

## 10. Avsluttande kommentar

Planen vil leggje til rette småbåthamn som gjer det tryggare å nytte småbåthamna og sikrar verdiar mot øydelegging.

## 11. Plankart

Ikkje målestokkrett



Figur. 21 Teiknforklaring til plankart på neste side.





Kontaktinformasjon:

Adresse: Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta

E-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no)

Tel.: 70 04 52 20

Heimeside: [www.oseing.no](http://www.oseing.no)